



Alver kommune v/Plan og byggesak  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: 981bf1a8-c833-448c-aed5-5f029581eabd

Vår: 22/6173 - 22/65208

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

[linda.folkestad@alver.kommune.no](mailto:linda.folkestad@alver.kommune.no)

Dato:

30.08.2022

## Uttale søknad om utvida bruk av - gbnr 309/37 utvida bruk av avkjørsel ny bueining i garasje Hjertås

**Tiltak:** utvida bruk av avkøyrsløse  
**Byggjestad:** Gbnr: 309/37  
**Tiltakshavar:** Henrik William Gundersen  
**Ansvarleg søkjar:** Henrik William Gundersen

Saka gjeld søknad om utvida bruk av avkjørsel frå kommunal veg for etablering av ny bueining i ny garasje på gbnr 307/37 Hjertås.

### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Mongsedalen/Mjukabakkane er definert som føremål – område for hytter/bustader.

Link til reguleringsplankart er nedenfor:

<https://www.nordhordlandskart.no/WebServices/generic/Media.aspx/Download?&uuid=71972a47-a1e8-4655-b80f-588d217fb1bc>

### Veglova

Vurderingar etter veglova skal gjerast av kommune. Vi ber om fagleg uttale.

### Uttale:

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning viser til førespurnad om uttale på søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse frå kommunal veg – Gbnr 309/37 Mongsedalen.

Situasjonsplan som er vedlagt søknad er ikkje i målestokk. For avkøyrsløse frå offentlege veger er det sett krav til geometrisk utforming av avkøyrsløse. Dette omfattar, blant anna, svingradius, sikt og at avkøyrsløse har eit svakt fall frå offentleg veg før avkøyringsveg stiger/faller.

På vedlagt situasjonsplan kan det sjå ut som at svingradius målt i frå midt kommunal veg. Svingradius skal etablerast utanfor offentleg vegareal (sjå detaljteikning under). I regelverk er svingradius satt til minimum R= 4 m. Det er også sett krav om at avkøyrsløse skal ha eit jamt fall frå kant offentleg veg, før avkøyringsveg

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 [www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)


Kontonummer: 3207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922


stiger/faller. Det er ikkje levert inn lengdeprofil gjennom avkøyrsla som viser at dette er stetta. Lengdeprofil for avkjørsle korleis avkjørsle skal være etablert er vist i detaljteikning under.

### Detaljteikningar for avkøyrsla

Detaljteikning for avkøyrsla



Lengdeprofil for avkøyrsla



På situasjonsplan er siktsone vist med 3 x 30 meter. Da kommunal veg ikkje har særskild fartsgrense er fartsgrensa fastsatt av vegtrafikklova § 6. I tettbygde strøk er fartsgrense 50 km/t. Minstekrav til sikt ved 50 km/t er satt til 4 x 45 meter. Vi ser at siktsone er trekt inn i privat avkjørsle. Siktsone skal ikkje trekkast inn i avkjørsle til Mongsedalen 16. Siktsone skal følgje rundt svingen til privat fellesveg i Mongsedalen.

Det er på innsendt situasjonsplan vist korleis køyretøy som er parkert i garasje skal snu. Det er ikkje vist korleis ein har tenkt at køyretøy på utvendig oppstillingsplass skal snu.

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning finn det forsvarleg å gje utvida bruk av eksisterande avkøyrsla på vilkår:

- Avkøyrsla skal være opparbeida slik at den stettar tekniske krav til avkøyrsla som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift om «alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkøyrslar fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt Vegnormal N100. Det vert, blant anna, sett krav til geometrisk utforming av avkøyrsla, sikt, svingradius, drenering under avkøyrsla, samt at ein skal snu på eigen grunn.
- Siktsone skal være ihht Vegnormal N100. Minste krav til sikt fastsettes ut i frå fartsgrense og vegens ÅDT. Kommunal veg er ikkje skilta med særskilt fartsgrense, fartsgrense følgjer av vegtrafikklova § 6. Minste krav til sikt er 4 x 45 meter. Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikhindringar som er høgare enn 0,5 meter over primærvegen sitt vegnivå. Eigar/brukarane av avkøyrsla er ansvarleg for at avkøyrsla sin siktsone vert halde vedlike.
- Svingradius definerer avkøyrsla og skal sikre at køyretøy som skal ut i offentleg veg står vinkelrett på denne. Avkøyrsla sin svingradius er satt til minimum  $R = 4$  meter.
- Avkøyrsla skal være etablert slik at den ikkje leder overvatn og søle ut i/inn frå kommunal veg. Avkøyrsla skal ha svakt fall frå kommunal veg før avkøyringsveg stiger/faller. På den første meteren skal avkøyrsla ha eit fall frå kant kommunal veg på minimum 3cm. På dei neste 3 metrane skal avkøyrsla være horisontal før avkøyringsveg stiger/faller.
- Under avkøyrsla skal det leggest ned dreneringsrøyr med indre diameter på minimum 200 mm. Dreneringsrøyr skal leggest slik at overvatn frå fritt løp inn og ut av røyrret.
- Det skal innrettast snuareal på eigen grunn. Snuareal skal ikkje nyttast til parkering. Køyretøy skal kunne snu på eigedom når parkeringsareal er i bruk.

Kommunalt vatn:

Ein bustad er knytt på kommunalt vatn. Ved etablering av ny buening må ein søkje om løyve til å knytte denne på kommunalt vatn. Før vi kan handsame tilknytningssøknad skal det ligge føre utsleppsløyve for bueninga. Kopi av løyve leggest ved søknad.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-  
forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune v/Plan og byggesak Postboks 4

5906

FREKHAUG